

30 APR 2007

Sak nr. 07/195

Helse Vest RHF
v/ Hans Kristian Stenby
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Vår referanse
2007/1150/3/12959/2007/008

Saksbehandler
Geir Øyvind Bakka

Dato
26.04.2007

Deres referanse

Høring av tiltak mot spreiding av Legionella - lov og forskriftsendringer

Vi viser til høringsnotat med vedlegg fra Helse- og omsorgsdepartementet av 21.02.07, med høringsfrist 11.05.07.

Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF, sluttar seg i hovudsak til dei forslag som kjem fram i høringsdokumentasjonen.

Vi meiner at dei endringar som er foreslått er nødvendige. Endringane medfører at kommunane får oversikt og kontroll over kjøletårn, luftskrubbarar og offentleg tilgjengelege boblebad – innretningar som er mest aktuelle som smittekilder til større Legionella-utbrott.

Tredjepartsvurdering av desse innretningane vil gi auka kompetanse ved kontroll og auka sikring for at retningslinene i regelverk og rettleiar blir etterlevd. Derfor vil inspeksjonssertifikat utstedt av inspeksjonsorganet, etter vårt skjønn, vere ei betre ordning enn inspeksjonsrapport, da akkreditert inspeksjonsorgan vil ha høgare kompetanse til oppfølging av krav til utbetringar, enn det ein kan forventa at dei fleste kommunar har.

Vi registrerer at Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ulikt syn på forslag om å integrere internkontrollkrava i miljøretta helsevernregelverket i internkontrollforskrifta. Etter vårt syn vil det sikre risikovurdering og kontroll på ein betre måte ved at dei samla internkontrollkrava i miljøretta helsevernregelverket blir integrert i HMS-forskrifta.

Med vennleg helsing



Geir Øyvind Bakka
fagsjef